



## Møteinnkalling

**Utval:** Fitjar sokneråd  
**Møtestad:** Kyrkjestova  
**Dato:** Torsdag 22.05.2025  
**Tid:** Kl. 19.30 - 21.30  
**Ord for dagen:** Tom Rydland

Forfall må meldast til kyrkjeverja: kyrkja@fitjar.kommune.no eller tlf. 913 47 802.

Varamedlemer får kopi av innkallinga og vert kalla inn ved behov.

### Innkallinga er sendt til:

|                         |                       |
|-------------------------|-----------------------|
| Svein Lunde             | Leiar                 |
| Anne Marie Rød          | Nestleiar             |
| Tom Rydland             | Medlem                |
| Anne Kristin Skår       | Medlem                |
| Håkon Rydland Sæbø      | Medlem                |
| Mette Elisabeth Lambach | Medlem                |
| Lilli Anne Drønen Jæger | Medlem                |
| Kari Raunholm           | Medlem                |
| Olav J. Oma             | Sokneprest            |
| Gisle Levåg             | kommunal representant |
| Kopi til varamedlemer   |                       |

Fitjar, 16.05.2025

Svein Lunde  
soknerådsleiar

Harald Rydland  
kyrkjeverje

### Sakliste:

| SAK     | ARKIVKODE | TITTEL                                          | KOMMUNAL REPR. |
|---------|-----------|-------------------------------------------------|----------------|
| 2025/35 | 012.1     | Godkjenning av innkalling og sakliste           | X              |
| 2025/36 | 012.1     | Godkjenning av referat frå sist møte            | X              |
| 2025/37 |           | Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkja    | X              |
| 2025/38 |           | Gudsteneste- og kollektliste for 2. halvår 2025 |                |
| 2025/39 |           | Ungdomsår i Sunnhordland prosti (utsett sak)    |                |
| 2025/40 |           | Nye medlemer til diakoninemnda                  |                |
| 2025/41 |           | Avsetjing til ulike fond for kyrkjelydsarbeid   | X              |
| 2025/42 |           | Meldingar                                       | X              |
| 2025/43 |           | Open post                                       | X              |
|         |           |                                                 |                |
|         |           |                                                 |                |
|         |           |                                                 |                |
|         |           |                                                 |                |

### **Vedlegg**

1. Gudstenesteliste for 2. halvår 2025
2. Utrekning av overskot for 2014 – 2024 og avsetjing til fond for ulike avdelingar i kyrkjerekneskapen

### **Sak 2025/35 012.1 Godkjenning av innkalling og sakliste**

#### **Framlegg til vedtak:**

Innkalling og saklister er godkjent.

### **Sak 2025/36 012.1 Referat frå sist møte**

Evt. merknader til referatet kan fremjast i møtet.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet stadfester referat frå møte den 23.04.2025.

### **Sak 2025/37 Soknepresten orienterer om arbeidet i kyrkjelyden**

Soknepresten legg fram ei kort orientering om det som har hendt i kyrkjelyden, planar framover og andre aktuelle tema som er kommen til sidan sist møte.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek orienteringa til vitande.

### **Sak 2025/38 Gudsteneste- og kollektliste for 2. halvår 2025**

Soknepresten har saman med gudstenesteutvalet sett opp framlegg til gudsteneste- og kollektliste for 2. halvår 2025. Soknepresten vil på møtet orientera nærare om det som ligg i planen.

#### **Framlegg til vedtak**

Soknerådet sluttar seg til gudsteneste- og kollektlista for 2. halvår 2025 slik den ligg føre.

### **Sak 2025/39 Ungdomsår i Sunnhordland prosti (utsett sak)**

Prosten og prostirådet ynskjer at 2025 og 2026 skal vera ungdomsår i prostiet. Det inneber at ungdomsarbeidet rundt i sokna får ekstra merksemd. Ved å ha dette temaet på dagsorden regionalt, kan sokneråda dela og henta gode idear hos kvarandre for å styrka denne delen av kyrkja sitt arbeid.

Sokeråda er no utforda av prosten til å senda inn eit oversyn av korleis ungdomsarbeidet vert drive i dag, og om det er planar for nye tiltak for å styrka ungdomsarbeidet.

I Fitjar er det mykje godt ungdomsarbeid som føregår - i soknet sin eigen regi, i regi av andre organisasjonar og i samarbeid mellom desse.

Det vert lagt opp til at soknerådet kan setja av god tid i møtet for å drøfta temaet.

**Framlegg til vedtak:**

Soknerådet gjev arbeidsutvalet fullmakt til å senda svar til prosten på grunnlag av det som kom fram i drøftingane.

**Sak 2025/40 Nye medlemar til diakoninemnda**

Tre av sju trufaste medlemmer i diakoninemnda har meld i frå om at dei ynskjer å gå ut av nemnda. Dei er positive til å halda fram med frivillig diakoniarbeid, men vil at det kan rekrutterast nye medlemmer til nemnda. Dei som vil ut av nemnda er leiaren Annbjørg Stjern Tvedt, og medlemene Halvard Wiik og Hilda Gloppen.

Dei som sit att i nemnda er Olav J. Oma, Kari Raunholm, Inger Marie Gilje og Grethe Sætre.

Diakoninemnda ynskjer at soknerådet snarast kan få på plass ny leiar og ein eller to nye medlemmar i nemnda.

**Framlegg til vedtak:**

Det vert ikkje lagt fram innstilling i saka

**Sak 2025/41 Avsetjing til ulike fond for kyrkjelydsarbeid**

Soknerådet har tidlegare bede om at kyrkjeverja førebur ei sak som gjer greie for kva føremål disposisjonsfondet i kan brukast til. Sidan Fitjar er ein eittsoknskommune vert det ført ein felles rekneskap for alle aktivitetane i soknet sin regi, uansett om det er finansiert med kommunalt tilskot, frivillige gåver eller andre inntektskjelder.

Det er viktig at gåver som vert gjevne til kyrkja vert brukt på det som er førespegla, og gjevaren forventar. Kollektane til kyrkjelyden sitt eige arbeid kan soknerådet disponera til ulike føremål innafor kyrkja si verksemd, men det bør ikkje brukast til den delen av verksemda som kommunen etter lova er forplikta til å finansiera. Til dømes får kyrkja frå tid til anna minnegåver som skal gå til diakoni. Då må me sjå til at dei vert brukte til det, anten det året gåva er gitt, eller me tek vare på det til eit seinare år.

Soknet sin rekneskap vert ført på ein slik måte at det er lett å halda kontroll på inntekter og kostnader i dei ulike avdelingane. Dette gjer at me ved utgangen av eit rekneskapsår lett kan sjå om gåver til kyrkjelydsarbeidet er brukt til det dei var etla til.

Tidlegare har det ikkje komme fram av eigenkapitalen kor stor del av summen på disposisjonsfondet som kjem frå overskot på den kommunalt finansierte delen av kyrkja, eller den delen som vert finansiert med gåver og andre inntekter til det kristelegte arbeidet i soknet.

Dette vil me no retta på ved å oppretta bundne driftsfond for dei avdelingane som gjennom dei siste åra har gått med overskot. At avdelingane har gått med overskot, fortel at me i løpet av året ikkje har brukt opp dei inntektene som skulle betala aktiviteten.

I følgje tidlegare rekneskap var disposisjonsfondet ved inngangen av 2014 på kr. 0. Ved å følgja dei reviderte rekneskapa frå 2014 og fram til 2024, har me funne ut korleis disposisjonsfondet, som pr. 31.12.2024 er på kr. 1.431.929, har oppstått og skal delast opp. Det ligg eit omfattande reknestykke bak, men konklusjonen er slik:

|                                                     |           |
|-----------------------------------------------------|-----------|
| Disposisjonsfond som kjem frå kommunal finansiering | 504.782   |
| Bunde driftsfond for anna kyrkjeleg verksemd        | 637.421   |
| Bunde driftsfond for ungdomsarbeid                  | 217.328   |
| Bunde driftsfond for diakoni                        | 72.398    |
|                                                     | -----     |
| Sum                                                 | 1.431.929 |
|                                                     | -----     |

I vedlegget til innkallinga kan de finna korleis desse summene har komme fram.

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet viser til saksutgreiinga og går inn for at Fitjar sokn sitt disposisjonsfond, som pr. 31.12.24 er på kr. 1.431.929 vert splitta slik:

|                                                       |           |
|-------------------------------------------------------|-----------|
| Disposisjonsfond (som kjem frå kommunal finansiering) | 504.782   |
| Bunde driftsfond for anna kyrkjeleg verksemd          | 637.421   |
| Bunde driftsfond for ungdomsarbeid                    | 217.328   |
| Bunde driftsfond for diakoni                          | 72.398    |
|                                                       | -----     |
| Sum                                                   | 1.431.929 |
|                                                       | -----     |

#### **Sak 2025/42 Meldingar**

Under meldingar vil det verta orientert om desse sakene:

- a) Referat frå møte i gudstenesteutvalet (Mette Lambach)
- b) Referat frå møte i trusopplæringsutvalet (Anne Marie Røed)
- c) Årsmelding og soknemøte. Nytt tidspunkt for soknemøte er 12/6 kl. 18.00 (Svein Lunde)
- d) Ferdigstilling av revisjonsmelding (Harald Rydland)
- e) Status for samarbeid med Bakken Kystbarnehage (Svein Lunde)
- f) Status for gravplassprosjekt (Harald Rydland)
- g) Ferieavvikling, sommarhjelp og andre personalsaker (Harald Rydland og Olav J. Oma)

#### **Framlegg til vedtak:**

Soknerådet tek meldingane til vitande.

#### **Sak 2025/43 Open post**

#### **Framlegg til vedtak:**

Det er ikkje framlegg til vedtak i saka